



Ein herleg søndagsmiddag!

I finveret i dag valde ganske mange å eta middagen på den nye kafèen i bygda, - Saja Kafè. Der kunne ein velje om ein ville ete inne i kafèen, eller utanfor i finveret. I følgje gjestene var begge deler vellukka! Nokre valde og ein tredje mulighet; - dei tok med seg maten heim, og kosa seg med den der.

Sambuarparet Mette Bendiksen og Einar Gjertsen nytte finveret medan dei inntok måltidet utanfor kafèen. Begge var like fornøgde med det dei fekk servert. Både indrefiletten av svin som Mette hadde, og grillspydet til Einar som inneheldt kylling med bacon fekk toppkarakter.

- Dette var heilt på høgde med den fantastiske maten vi får ute på feltet, var karakteristikken frå den røynde Nordsjø-arbeidaren. Både Mette og Einar var samde om at dette skulle gjentakast.

Eit poeng som kanskje bør nemnast, er at kafèen serverer mat som er tillaga for allergikarar.

Ein tur på kafèen gjev ikkje berre god mat. Det gjev ei avstressande stund! Kanskje det gjev ein smak av noko av det beste med bylivet, ja, i fint ver kan ein kanskje til og med få litt sydlandsk stemning.

Av: Thor Inge Døssland.